



Saksnr.	Utval	Møtedato
	Planutvalet	

## Detaljregulering fv. 484 Vievegen, gang- og sykkelveg - høyring og offentlig ettersyn

### Vedlegg i saka:

14.06.2016 Fv. 484 Vievegen - Planhefte

208681

### Bakgrunn for saka:

Førdepakken har utarbeidd reguleringsplanen med det føremålet å avklare plassering og utforming av gang-/sykkelveg med kryss, avkøyrslar og busslommer på ei strekning langs fv. 484 Vievegen, frå Prestefoss bru til Viabrua. Plassering og utforming er utarbeidd i 2 alternativ, og det blir bedt om at begge blir lagt ut til høyring og offentlig ettersyn for å oppnå ein grundig vurdering og prosess av begge alternativa. Eitt av alternativa vil etter høyring og offentlig ettersyn bli fremja til planvedtak.



Det er bestemt at planframlegga skal handsamast etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3. Planutvalet skal ta stilling til om framlegga stettar dei krav som er stilt til reguleringsplan og eventuelt sende desse til høyring og offentlig ettersyn.

### Saksutgreiing:

Tiltaka som her er regulert er i samsvar med kommunedelplan trafikk Førde sentrum, 19.06.2013, og er prioritert som tiltak 2 i Førdepakken. Planprogram og konsekvensutgreiing (KU) er tilfredsstillande utgreidd i samband med kommunedelplan trafikk Førde sentrum. Utover areal til vegføremåla er det regulert areal til mellombels anleggsområde i byggeperioden. Dette arealet vil bli attende ført til slik det var før tiltaket. Areal utover vegareal er regulert slik det ligg i gjeldande planar med unntak av areal til bekken som går under fylkesvegen. Planen vil erstatte gjeldande planar i området der det er samanfall.

Start av planarbeidet vart varsla i januar 2015 i avisa Firda, og elektronisk på Førde kommune si heimeside. Grunneigarar og offentlege instansar fekk tilsendt brev om dette.

Det blir bedt om at planen blir lagt ut i 2 alternativ for å få ei grundig vurdering og prosess omkring utfordringane med nærleiken til og samanfall med sjukehusparken som er del av det freda sjukehusområdet. Sjukehuset har høgaste vernestatus og er saman med sjukehusparken forskriftsfreda, og strekker seg heilt ut til dagens vegkant langs fylkesvegen.

Riksantikvaren seier mellom anna dette om fredningstatus (<http://www.riksantikvaren.no/Fredning/Fredningsstatus>) :

#### *«Forskriftsfredet*

*Beskrivelse: Betegnelsen brukes om kulturminner som er fredet ved forskrift, ikke ved enkeltvedtak. Det er byggverk og anlegg i statlig eie (kulturminneloven § 22a) og kulturmiljøer (kulturminneloven § 20) som fredes ved forskrift. Forskriftsfredning innebærer normalt en forenklet prosedyre i forhold til fredning ved enkeltvedtak.*

*Konsekvenser: Alle inngrep i forskriftsfredete kulturminner krever dispensasjon fra Riksantikvaren (for byggverk og anlegg i statlig eie) eller regional kulturminneforvaltning (kulturmiljøer). Det er ikke anledning til å gi dispensasjon for tiltak som innebærer vesentlige inngrep i kulturminnet.»*


Alternativ 1 har ein gang-/sykkelveg som legg seg langs med og inntil fylkesvegen slik den ligg i dag. Avstanden mellom fylkesvegen og ny gang-/sykkelveg er i samsvar med krav i vegnormalen, 1,5 m. Utifrå planane vert det rekna med at dette alternativet vil ha trong for å erverve ca. 1340 m<sup>2</sup> av parken. Kostnadene med dette alternativet er ca. 18 millionar kroner, og er i samsvar med den kostnaden som var lagt til grunn i Førdepakken.

Alternativ 4 har ei løysing der ein frå ca. profil 50 (veg inn til akuttmottak) til ca. profil 265 (Viesenteret) flyttar Vievegen austover så langt det er råd i høve eksisterande anlegg på autsida. Dette for å redusere inngrepet i sjukehusparken. Avstand mellom fylkesveg og ny gang-/sykkelveg vil, uavhengig av val av løysing, vere i samsvar med krav i vegnormalen, 1,5 m. Dette alternativet vil ha trong for ca. 1050 m<sup>2</sup> av parken, ca. 290 m<sup>2</sup> mindre enn alt. 1. Kostnadene med dette alternativet er ca. 35 millionar kroner, dvs. ein meirkostnad på 17 millionar i høve det som er lagt til grunn i Førdepakken.



Arealoversikt (ill. Østengen og Bergo)

Sykkelhovudveg. I kommunedelplan trafikk Førde sentrum og i Førdepakken er det lagt til grunn ein sykkelhovudveg som ein samanhengande sykkelring som knyter saman den store arbeidsplassen som sjukehuset er, og dei store omkringliggjande bustadområda og sentrum i eit enkelt og lett oppfatteleg sykkelsystem. Sykkelbyen vart i denne planprosessen utfordra på om denne løysinga var nødvendig forbi sjukehusområdet. Sykkelbyen opprettheld tidlegare konklusjonar på dette, der dette vil vere den mest tilfredsstillande løysinga for sykkelsystemet. Det blir også teke omsyn til eksisterande løysingar nord og sør for nytt anlegg langs sjukehusområdet.



I biletet ser ein sykkelhovudvegen med rosa farge

## Sjukehusparken – opphavleg plan:



Landskapsplanen for sjukehusparken, teikna av landskapsarkitekt Arne Olav Moen i 1976. (Plan henta frå «Landsverneplan for helsesektoren, Forvaltningsplan utomhus, Førde Sentralsjukehus» 2014)

## Sjukehusparken i dag (2009):



Parken er frå 70-talet og tidstypisk for den tida, men har sidan anlegg blitt redusert i storleik fleire gonger.

For nærare omtale av planforslaga blir det vist til planomtalen i planheftet, datert 14.6.16. Planomtalen tek føre seg mellom anna landskapet, nærmiljø, naturmangfald, kulturminne, grunntilhøve og flaum. Vidare er det skildring av planen sine tekniske krav som geometrisk krav, kryss, avkøyringar, konstruksjonar, frisikt, busslomme, riggområde og mellombels anleggsområde, støyvurdering og ROS-analyse, kablar og leidningar.

Verknader av planforslaget er omtalt, mellom anna konsekvensane og skilnad på dei 2 alternativa, naturmangfaldet og tilhøva til naturmangfaldlova, ytre miljø og avbøtande tiltak. Planprosess og medverknad er omtalt, og det følgjer ein gjennomgang av innkomne merknader til varsel om planoppstart, og ein omtale av medverknad utover planoppstart med mellom anna Riksantikvaren og Helse Førde.

#### Forkasta alternativ

Løysing med gang- og sykkelveg på austsida av Vievegen har vore vurdert og ikkje funne å vere tilfredsstillande. Det har vore utgreidd og illustrert 5 forskjellige alternativ med gang-/sykkelveg på vestsida, slik desse er skildra i planomtalen. Dette har vore alternativ frå tiltak inne i parken til tiltak med gang-/sykkelveg i undergang kryssande under fylkesvegen.

Riksantikvaren (RA) og Helse Førde har i den dialogen som har vore, gjeve klart uttrykk for at det av alle 5 alternativa som er illustrert, er det berre alternativ 4 som kan akseptast. Alternativ 1 vil ifølgje RA, utgjere eit vesentleg inngrep i den freda parken og kan såleis ikkje akseptast. Alle 5 alternativa er skildra i planomtalen, datert 14.6.16.

#### Dokument til planen

Plankart (3 stk.) med reguleringsføresegner i 2 alternativ, datert 14.6.16, ligg som vedlegg til denne saksutgreinga saman med planomtalen elles i eit samla planhefte.

Utover vedlagde dokument så er det utarbeidd fleire rapportar som kan lesast i følgjande linkar:

**ROS – analyse (6.5.16):** [http://innsyn.e-kommune.no/innsyn\\_forde/wfdocument.aspx?journalpostid=2016011364&dokid=208445&versjon=1&variant=A&](http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_forde/wfdocument.aspx?journalpostid=2016011364&dokid=208445&versjon=1&variant=A&)

**Hefte tekniske teikningar (14.6.16):** [http://innsyn.e-kommune.no/innsyn\\_forde/wfdocument.aspx?journalpostid=2016011388&dokid=208484&versjon=1&variant=A&](http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_forde/wfdocument.aspx?journalpostid=2016011388&dokid=208484&versjon=1&variant=A&)

**Geoteknikk: Fv. 484 Vievegen, Geoteknisk rapport, gang- og sykkelvei (4.9.15):** [http://innsyn.e-kommune.no/innsyn\\_forde/wfdocument.aspx?journalpostid=2016011361&dokid=208440&versjon=1&variant=A&](http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_forde/wfdocument.aspx?journalpostid=2016011361&dokid=208440&versjon=1&variant=A&)

**Fv. 484 Vievegen, supplerende geoteknisk rapport for reguleringsplan (4.3.16):** [http://innsyn.e-kommune.no/innsyn\\_forde/wfdocument.aspx?journalpostid=2016011362&dokid=208442&versjon=1&variant=A&](http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_forde/wfdocument.aspx?journalpostid=2016011362&dokid=208442&versjon=1&variant=A&)

#### Rådmannen sin vurdering

Rådmannen er samd med Sykkelbyen Førde si vurdering av ein samanhengande sykkelring og at denne bør ligge på den sida av fylkesvegen som vender mot sjukehuset.

Rådmannen vurderer meirkostnaden på 17 mill. kroner som ein vesentleg meirkostnad på Førdepakken, og ynskjer denne meirkostnaden vurdert opp mot inngrepa i parken og dei samfunnsmessige kostnadane ved ein slik meirkostnad. Er ein meirkostnad på 17 mill. rett vurdert i høve skilnaden i areal på inngrepa, 290 m<sup>2</sup>? Meirkostnader vil i prinsippet gå utover det samla tal prosjekt som kan komme til utføring i Førdepakken.

Inngrepet med ein nødvendig gang- og sykkelveg langs fv. 484 bør også sjåast i samheng med opphavleg parkområde, med dei inngrep som er kome i ettertid.

Den freda parken er ikkje autentisk i høve den parken som opphavleg vart bygd på slutten av 1970-talet.

Rådmannen meiner ut i frå ei samla vurdering av inngrep, kostnad og samfunnsmessige interesser, at alternativ 1 bør vurderast i ein heilskapleg planprosess. Alternativ 1 rører ikkje ved hovudprinsippa i den attverande parken, og føremonane ved alternativ 4 er samla sett vurdert til ikkje å vere store nok.

Rådmannen meiner planane er i tråd med intensjonane i Førdepakken og at framlegga stettar dei krav som er stilt til reguleringsplan, og at desse kan sendast til høyring og offentleg ettersyn.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med Plan- og bygningslova § 12-10, vert detaljregulering for fv. 484 Vievegen, gang- og sykkelveg i 2 alternativ, med plankart og føresegner dagsett 14.6.16, sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Førde, den 14.06.2016

Ole John Østenstad  
Rådmann

Odd Harry Strømsli  
Leiar byggesak og arealforvaltning